

# SAKSFRAMLEGG

| Saksnr | Utval         | Møtedato | Saksbeh. |
|--------|---------------|----------|----------|
|        | Kommunestyret |          | BFL      |

**Sakshandsamar:** Berit Fløisand

**Arkivsaknr** 15/1183

## Skodd for framtida - Godt samspel.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune godkjenner handlingsreglane for godt samspel for politikarar, administrasjon og tillitsvalde.

### **15.10.2015 KOMMUNESTYRET**

#### **Handsaming:**

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KOM-043/15 VEDTAK:**

Fusa kommune godkjenner handlingsreglane for godt samspel for politikarar, administrasjon og tillitsvalde.

.....

#### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Verdisettet ROMSLEG med handlingsreglar – sjå lenke i saka.

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

KS har stort fokus på – Kva er arbeidsgjevarpolitikk – og kvifor er det viktig? I den samanheng har dei utarbeida eit refleksjonshefte – Skodd for framtida - som m.a. skal hjelpe kommunane til å arbeida fram ein god arbeidsgjevarpolitikk og auka forståing for rolle og oppgåver for politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde.

Dialogmøte 19.06.14 hadde Skodd for framtida som tema. På dialogmøte møtte kommunestyret, tillitsvalde, verneombod og leiargruppa til rådmannen. KS-konsulent v/Åsbjørn Vetti og Kari Anne Hoff leia prosessen gjennom dagen. Gjennom gruppe- og plenumsarbeid vart det utarbeidd stikkord som skulle danna grunnlag for å utarbeida handlingsreglar for Godt samspel og Den gode arbeidsplassen.

Det vart valt ei arbeidsgruppe til å arbeida vidare med innspela frå dialogmøtet:

|                    |   |
|--------------------|---|
| Frå kommunestyret: | Hans Ekeberg<br>Birgitte Holmefjord Skibenes                          |
| Frå leiarane:      | Gro Elisabeth Almås<br>Terje Raunsgard                                |
| Frå HTV:           | Marita Osebakken, Fagforbundet<br>Oddvar Helland, Utdanningsforbundet |

I etterkant av dialogmøtet har vi fått hjelp av KS-konsulentane til å utforma mandat/arbeidsplan som har vore grunnlag for det mandatet ordførar og rådmann har gitt arbeidsgruppa:

### **Godt samspel**

1. Arbeidsgruppa skal systematisera innspela som blei presentert på samlinga den 19. juni og laga ei kort liste med punkt under overskrifta «Godt samspel i Fusa». Vi nyttar forma: Vi som er politikarar i Fusa skal .... Vi som arbeider i administrasjonen i Fusa skal ... Det skal vera like mange punkt på politikarane og adm si liste.
2. Arbeidsgruppa skal utarbeida eit forslag til debattopplegg omkring punkta slik at punkta vert debattert og forankra på politisk nivå.

Vidare prosess etter at arbeidsgruppa har fullført sitt arbeid:

Rådmann og ordførar vil så godkjenne lista og debattopplegget som saksgrunnlag og leggja saka fram for politisk handsaming med tilhøyrande debattopplegg. Endeleg vedtak i Kommunestyret.

### **Den gode arbeidsplassen**

1. Arbeidsgruppa skal systematisera innspela som blei laga av gruppene på samlinga den 19. juni 2014 og foreslå a) hovudoverskrifter og b) hovudmoment under kvar overskrift, som skal utgjera grunnmuren i ein ny arbeidsgjevarpolitikk / organisasjonspolitikk for alle tilsette, tillitsvalde, leiarar og folkevalde i Fusa kommune.

- Arbeidsgruppa skal koma med forslag til vidare prosess som skal sikra eigarskap og involvering i organisasjonen og på politisk nivå. Prosessen må vera effektiv samstundes som alle skal få høve til å medverka på høveleg vis.

Vidare prosess etter at arbeidsgruppa har fullført sitt arbeid:

Rådmann og ordførar vil så godkjenna forslaget og leggja saka fram for administrasjonsutvalet der grunnmuren i ny arbeidsgjevarpolitikk / org. politikk og vidare prosess går fram.

Arbeidsgruppa valde å prioritera Godt samspel. Gjennom fleire møte vart det utarbeida 4 punkt til kvar av gruppene – politikk, administrasjon, tillitsvalde.

For å utfordra til diskusjon og å leggja meir innhald i punkta, vart dialogmøtet (28.05.15) for kommunestyret, leiarane, HTV og HVO utfordra til å koma med utsagn som utfyller punkta:

Kva gjer vi når «Vi tenkjer heilskapleg og langsiktig»?

Det vart gjennomført gruppearbeid og diskusjonar i plenum også på dette dialogmøtet.

Innspel frå dialogmøtet vart bearbeida i arbeidsgruppa og oversendt ordførar og rådmann slik:

## Godt samspel

| Vi som er politikarar i Fusa kommune skal          | Kva gjer vi då:   |
|--|---|
| <b>Vera bevisst (medvitne) om rolla vår</b>        | Vi er folkevalde og skal utvikla Fusasamfunnet.<br>Vi er arbeidsgjevarar.                           |
| <b>Tenkja heilskapleg og langsiktig</b>            | Vi driv samfunnsutvikling for heile kommunen<br>Vi forankrar utviklinga i gode planar.              |
| <b>Ha tilstrekkeleg kunnskap om organisasjonen</b> | Vi er i god dialog med administrasjonen.<br>Vi har god kjennskap til planar og politiske dokument.  |
| <b>Gjera tydelege prioriteringar og vedtak</b>     | Vi prioriterer og vedtek ut frå planar og langsiktige mål.<br>Vi seier ja til noko og nei til noko. |

| Vi som er administrasjon i Fusa kommune skal  | Kva gjer vi då:  |
|---|--|
| <b>Arbeida målretta etter vedtekne planar</b> | Vi legg til rette for at medarbeidarane kjenner planar, mål og jobbar etter dei.<br>Vi rapporterer internt og mot det politiske system.  |
| <b>Sikra at vi har god kompetanse</b>         | Vi har oversikt over kva kompetanse vi har og kva kompetanse vi treng.<br>Vi mobiliserer, utviklar, og skaffar den kompetansen vi treng. |
| <b>Leggja til rette for gode prosessar</b>    | Vi involverer i planlegging, gjennomføring og evaluering.  |

|                               |  |
|-------------------------------|--|
|                               | Vi har opne prosessar og brukar rett kompetanse.   |
| <b>Gje sakleg informasjon</b> | Vi gjev relevant informasjon på eit tidleg tidspunkt.<br>Vi gjev faglege, objektive og nøytrale fakta. |

|   |   |
|---|---|
| Vi som er tillitsvalde i Fusa kommune skal  | Kva gjer vi då:   |
| <b>Vera bevisst (medvitne) om rolla vår</b> | Vi tar vare på medlemmene sine interesser.<br>Vi medverkar til utvikling av organisasjonen. |
| <b>Vera engasjerte</b>                      | Vi involverer medlemmane.<br>Vi er framoverlente – kjem med innspel og uttaler.             |
| <b>Ha god kompetanse</b>                    | Vi har kunnskap om lov, avtaleverk og organisasjonen.<br>Vi har god samhandlingskompetanse. |
| <b>Medverka til godt samarbeid</b>          | Vi brukar rett tenesteveg.<br>Vi medverkar til god informasjonsflyt.                        |

Arbeidsgruppa er godt i gang med del 2 av mandatet: Den gode arbeidsplassen, men er ikkje klar til å levera noko frå seg enno.

### **Vurdering:**

Fusa kommune har i fleire år hatt eit sett verdiar og handlingsreglar knytt til desse – ROMSLEG: <https://www.fusa.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=12&Filld=594>  
Verdiane vart til i ein brei prosess som involverte alle tilsette og er også forankra i Samfunnsdelen til kommuneplanen. Verdiane har vore nyttig for organisasjonen, særleg når ein har hatt store utfordringar å ta tak i.

Ordførar og rådmann sin vurdering er at det har vore ein brei prosess også i utforming av det som skal danna grunnlaget for Godt samspel i organisasjonen. Det har vore gode og klargjerande diskusjonar på dialogmøta. Arbeidsgruppa har arbeidd svært bra med å samanfatta alle gode innspel til dei handlingsreglane som no ligg i saka. Den breie prosessen gjer at både politikarar, administrasjon og tillitsvalde har eit eigartilhøve til både prosess og sluttresultat. Ordørar og rådmann rår difor til at handlingsreglane for Godt samspel vert vedtekne slik dei ligg føre frå arbeidsgruppa.

Handlingsreglane for Godt samspel må brukast for at dei skal ha verdi for organisasjonen. Når dei no vert formelt vedtekne av kommunestyret må både politikarar, administrasjon og tillitsvalde hjelpa kvarandre med å setja dei ut i praksis og halda dei levande.